

Redaksjon: Yngve Kvistad - Tlf.: 22 00 00 00

VG
debatt
debatt@vg.no

■ ■ Nordmenn handlar tollfritt for ni milliardar kroner i utlandet, mens EU har restriksjonar på grensehandel frå Noreg. Ein merkeleg måte å sikre norske arbeidsplassar på, skriv Torbjørn Tuft.

Noreg praktiserar eit liberalt regelverk for reisegods samanlikna med EU.

Naiv handelspolitikk

VG innlegg

Torbjørn Tuft

I daglegtalet er innførsel av varer toll- og avgiftsfritt som reisegods synonymt med grensehandel.

Det at folk handlar der det er rimelegast, er forståeleg. Politisk derimot, bør det å ivareta norsk næringsliv og arbeidsplassar prioriterast. Når norske styresmakter vel å legge til rette for ei einseitig handelslekkasje til EU utan motyttingar, er dette ein merkeleg måte å sikre nasjonale interesser på.

Harrytur

Grensehandelen vert diskutert flittig i media. Lars Sponheim (V) fekk stor merksemd med kommentaren om at det er «harry» å handle mat i Sverige.



FORFATTAREN: Torbjørn Tuft er statsvitar, Landbrukets utredningskontor

Byrådsleiar i Oslo, Erling Lae (H) tok nyleg til motmæle, og uttalar: «Du blir ofte møtt med at folk sier - det er jo såne «harry-turer». Da reagerer jeg litt på at det virker som en snobbete nedlatende holdning. I forhold til noe som selvfølgelig er helt greit og meget smart.

Grensehandel er jo egentlig veldig bra og det burde være mer av den slags.» (NRK, 22.08.2007).

Sjølvsagt om Lae ikkje ser anna enn billig mat og veljarar, bør ringverknadane av ein stadig aukande grensehandel bli politisk vektlaagd. Er det slik at norsk varehandel, industri og tenestektorer tener på at nordmenn i stort mon vel å handle i Sverige framfor i Oslo. Eller, er eit årleg tap på rundt 2,5 milliardar i meirverdiinntekt til det beste for statskassa. Og sist, korleis gagnar det norske interesser å tillate ein enorm grensehandel, samstundes som det stadig vert gjennomført for-

handlingar med EU om marknadstilgangen.

Liberalt

Noreg praktiserar eit liberalt regelverk for reisegods samanlikna med EU. Den norske verdigrensa er på 6 000 NOK ved innførsel frå EU. Tilsvarende til EU frå Noreg er langt meir restriktivt, der svenske styresmakter handhevar ei verdigrensa på 1 700 SEK. Dermed er det frå norsk side lagt til rette for at grensehandelen inn til Noreg kan utgjere betydelege verdiar.

I dei seinare åra har omfanget av grensehandelen auka og utgjør årleg rundt 9 milliardar kr. Ein stor del av grensehandelen gjeld nærings- og nyttingsmiddel. Svenske styresmakter har rekna ut at nordmenn kjøpte jordbruksvarer og næringsmiddel for rundt 2,9 milliardar kr frå juli 2005 til juni 2006, eksklusiv alkohol og tobakk. Alkoholkvantumet er usikkert, men åtte butikkar i undersøkinga gav opp eit sal på 10 millionar liter øl og leskedrikk. Studien konkluderar med: «Totalsiffran är sannolikt mycket större eftersom en stor del av gränshandeln med drycker sker i butiker som inte ingick i undersökningen.» (Jordbruksverket).

Statens landbruksforvaltning (SLF) meiner overslaget på knappe 3 milliardar er for lågt. Uansett er omfang av reisegodsinnførsel ute av proporsjonar når ein legg til grunn at den registrerte landbruksimporten til Noreg frå Sverige har ein verdi på 2,5 milliardar kr. Grensehandelen har utvikla seg til ein større handelskanal enn den registrerte samhandelen mellom Noreg og Sverige på landbruksvarer.

EU pressar på

Det vert årleg innført 4 630 tonn ost som reisegods. Grensehandelen med ost utgjør dermed like eit stort kvantum som den gjensidige tollfrie oste-kvota mellom EU og Noreg. Personleg innførsel av kjøtprodukt er mykje lik. Volumet i grensehandelen ligg på 25 000 tonn kjøt, samt 8 000 tonn tilverka kjøtprodukt. Kvantumet tilsvarar rundt 15 prosent av den norske kjøtproduksjonen. I tillegg kjem 10 000 tonn frukt og grønt, samt alkohol og



HANDELSLEKKASJE: Grensehandelen har utvikla seg til ein større handelskanal enn den registrerte samhandelen mellom Noreg og Sverige på landbruksvarer, skriv Torbjørn Tuft.

Foto: HEIDI B. NILSEN, SCANPIX

tobakk i eit monaleg omfang. Ut frå omfanget av grensehandelen, særleg om ein ser på volumet på meieri- og kjøtvarer, er det vanskeleg å sjå at grensehandelen støtter norske handels- og landbrukspolitiske interesser. Difor bør grensehandelen få større politisk merksemd i den vidare utforminga av det «gjensidig fordelaktig varebytte» som er intensjonen i samhandelen med landbruksvarer innanfor EØS-avtala.

EU pressar stadig på for å få betre marknadstilgang på landbruksvarer. Dette til trass for at importen frå EU utgjør 69 prosent av den samla norske importverdien på landbruksvarer. Noreg importerar landbruksvarer årleg for rundt 25 milliardar frå 148 land og av dette utgjør importen frå EU 17,5 milliardar.

Grunnlaget for norske reguleringar som tillet ein betydeleg uregistrert handel med EU er uklar. Framfor å enten søkje å redusere grensehandelen, eller å få den formalisert inn i den regulerte samhandelen.

Naiv politisk linje

Det er verre frå Sverige til Noreg grensehandelen utgjør store verdiar. Likevel krev ikkje Noreg motyttingar eller nyttar handelen som eit forhandlingskort i tingingane om marknadstilgang med EU.

Dette er ei naiv politisk linje i internasjonale forhandlingar. Ut frå omfanget grensehandelen har fått, er det tydeleg at handelen utgjør meir enn praktiske reglar for reisegods, der intensjonen er å gjere reisa for personar som flyttar seg over landegrensar lett.

Eit alternativ er å knyte grensehandelen til forhandlingane innanfor Artikkel 19 og Protokoll 3. Slik kan den bli formalisert og rekna som ein del av vareflyten mellom Noreg og EU. Dette vil vere ei synleggjering av at den reelle innførselen av landbruksvarer til Noreg frå EU. Noreg er trass alt EUs sjette største marknad for landbruksvarer, utan at grensehandelen er rekna med. Eit anna alternativ er å harmonisere dei norske reguleringane for innførsel av reisegods med den restriktive linje som EU handhevar mot Noreg.

Uansett utgjør grensehandelen eit slikt omfang, at handelen i realiteten har utvikla seg til ei toll- og avgiftsfritt innførsel av varer som undergrev innlandsmarknaden og delar av norsk næringsliv. Og til sist er denne innførselen i direkte konkurranse med omsetjinga i norsk varehandel og ein trussel mot norske arbeidsplassar på sikt. Slik sett er det underleg å registrere at Byråden i Oslo meiner at handelslekkasjen bør bli større.

Om ekteskap og uansvarlighet

VG replikk

Dagfinn Høybråten, Krf-leder

I VG (19.1.) bruker Christian Torseth stor plass på å stemple meg som fordomsfull.

Dels fordi jeg på kronikkplass i VG forsvarer dagens ekteskapsordning, mot regjeringens forslag om en kjønnsnøytral ekteskapslov. Dels fordi jeg motsetter meg et framtidig krav om at polygame skal få inngå ekteskap.

Torseth går i mindre grad inn på hovedpoenget i min kronikk, nemlig regjeringens mangelfulle utredning av lovforslaget.

Dette avfeier Torseth kort med at jeg neppe ville endret mening uansett. Det blir for lett. Det er ikke slik at lovendringer skal utredes kun dersom det er sannsynlig at enkeltrepresentanter vil endre standpunkt.

Mine spørsmål er fortsatt ubesvart: Hvorfor må regjeringen tvinge gjennom en ny ekteskapslov i en hasteprosess nærmest blottet for faglig analyse, utredning og argumentasjon.

Hvorfor legges det stor vekt på rollemodeller av begge kjønn i skole og barnehage, men ikke i familien, som er barnets viktigste fellesskap? Hvorfor legges det kun til rette for at lesbiske par skal få hjelp til å få barn, men ikke par med to

menn? Hvilken prinsipiell tenkning ligger bak dette?

Hvilken betydning får loven for mannsrolledebatten? Det entydige politiske signalet så langt har vært at fedre skal og bør stille opp for ungene sine uavhengig av samlivsbrudd og nye familiekonstellasjoner. Signalet i regjeringens lovforslag er det motsatte: Såfremt to voksne personer tar omsorgen, så er far overflødig. Hva er prinsippene bak denne dobbeltkommunikasjonen?

Regjeringen valgte å sende ut forslaget like før sommerferien, med en tidsfrist like over sommerferien. Det er i seg selv relativt uvanlig når det gjelder viktige saker. Når det gjelder trossamfunnene, sendte man

det for sikkerhets skyld bare til noen utvalgte instanser som man regnet med ville ha sympati for forslaget, mens alle andre ble utelatt. Heldigvis ble dette rettet opp etter påtrykk fra Krf, men det vitner om at man har lagt listen usedvanlig lavt når det gjelder korrekt fremgangsmåte. Igjen er spørsmålet: Hvorfor?

Vi vet at de fleste organer og aktører som skal praktisere loven, er i mot forslaget. Vi vet at Frankrike utredet og kom til at en slik lov ikke kunne anbefales. Men vi vet fortsatt ikke hvorfor regjeringen har slik hastverk med loven, at de til og med må bryte den såkalte utredningsinstruksen, som gjelder overalt ellers i staten.